KYSTVERKET
Midt-Norge

14/2236

MOTTATT
08 AUG. 2014
BJUGN KOMMUNE

Bjugn kommune
Rådhuset
7160 BJUGN

| Dykkar ref: | Vår ref: | Arkiv nr: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|---|---|
| 16208/2014//INGVER | 2014/3377-2 | | Tormod Hjørungnes Engen | 22.07.2014 |

**Fråsegn - Varsel om oppstart av utarbeiding av hovedplan vann, vannmiljø og avløp - Bjugn kommune - Sør-Trøndelag fylke**

Vi viser til dykkar varselbrev datert 10.07.2014 om oppstart av ovannemnde plan.

Kystverket er **kysten sin etat for samferdsle.** Som ansvarleg for sikring og ferdsle i hamner, leder og kystfarvatn er Kystverket ein **sentral aktør i forvaltning og utvikling av kystsona**. Kystverket arbeider målbevisst for å etablere gode navigasjonstilhøve i våre kystfarvatn, fremje ei berekraftig utvikling av kystsona og bidra til ein konkurransedyktig sjøtransport.

Kystverket skal gjennom handsaming av planar og tiltak ta vare på føremål med *Lov om havner og farvann av 17. april 2009 nr 19* mm. Føremålet med lova er å leggje tilhøva til rette for ei best mogleg planlegging, utbygging og drift av hamner og trygge ferdsla i sjøareala.

**Vår vurdering**

Kystverket tek til vitande planarbeidet som varslast. Generelt vil vi berre merke til planarbeidet at eit evt nytt leidingsnett i sjøareala må formast slik at det ikkje kjem i konflikt med etablerte ankringsplassar. Utover dette har ikkje Kystverket særskilt å merke til planarbeidet, men ber om å verte halden orientert i det vidare arbeidet gjennom dei ordinære høyringsrundane.

Med helsing

Oddbjørn Sæther
fungerande avdelingsleiar

Tormod Hjørungnes Engen
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Eksterne kopimottakere:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fiskeridirektoratet | Postboks 185 Sentrum | 5804 | BERGEN |
| Fylkesmannen i Sør-Trøndelag | Postboks 4710 Sluppen | 7468 | TRONDHEIM |
| Sør-Trøndelag fylkeskommune | Postboks 2350 Sluppen | 7004 | TRONDHEIM |

Midt-Norge - Plan- og kystforvaltningsavdelingen

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Sentral postadresse: | Kystverket | Telefon: | +47 07847 | Internett: | www.kystverket.no |
| | Postboks 1502 | Telefaks: | +47 70 23 10 08 | E-post: | post@kystverket.no |
| | 6025 ÅLESUND | Bankgiro: | 7694 05 06766 | Org.nr.: | NO 874 783 242 |

Vi ber om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson